

**NORD- OG MIDHORDLAND JORDSKIFTERETT**

**Litleåsvegen 49, 5090 Nyborg**

**Telefon: 05 - 19 32 88\***

**Telefax: 05 - 19 37 87**

**Postgiro: 0805 4256400**

Gunnar Lilleskare, Knøsesmauet 7, 5011 BERGEN

Einar Fosse, 5102 ALVERSUND

Grete Brakstad, 5102 ALVERSUND

Jarle Aase, 5102 ALVERSUND

Johanne Aagesen, 5102 ALVERSUND

Helge Skauge, Merkurv. 24, 5044 NATLAND

Terje Tofting, 5102 ALVERSUND

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato

445/92

11.03.92

Sak nr. 24/1989 - Soltveit søndre, gnr.133 i Lindås herad,  
slutta den 10. mars 1992.

Vedlagd fylgjer kopi av rettsbok for møtet den 10.03.92.

Nyborg, den 11. mars 1992

*Arnold Skarseth*

Arnold Skarseth

saksopnemnd jordskiftedommar

År 1992 den 10. mars vart Nord- og Midhordland jordskifterett sett i huset til Jarle Aase på Soltveit i Lindås herad.

Rettsformann: Saksoppnemnd jordskiftedommar Arnold Skarseth

Då dette er eit saksførebuande rettsmøte, er det ikkje innkalt jordskiftemeddommarar.

Sak nr.:24/1989- Soltveit søndre, gnr.133 i Lindås herad.

Partar:

1. Gunnar Lilleskare, eigar av gnr. 133, bnr.21
2. Einar Fosse, eigar av gnr. 133, bnr.22
3. Grete Brakstad, eigar av gnr. 133, bnr.22
4. Jarle Aase, eigar av gnr. 133, bnr.31, 60 og 86
5. Johanne Aagesen, eigar av gnr. 133, bnr.42
6. Helge Skauge, eigar av gnr. 133, bnr.50 og 61
7. Terje Tofting, eigar av gnr. 133, bnr.66 og 79

Saka er kravd av part nr.4, Jarle Aase.

Saka gjeld:

Jarle Aase har den 10/10 1989 kravd ~~vegtværing og deling av vedlikehaldskostnader på veg på gnr.133~~, Soltveit søndre.

Til stades: Gunnar Lilleskare, Einar Fosse, Jarle Aase, for Johanne Aagesen møtte Odd Taule m/ skr. fullmakt, Helge skauge og Terje Tofting.

Lovleg varsla, men ikkje møtt: Grete Brakstad

Rettsformannen la fram:

1. Krav om denne jordskiftesaka, dat. den 10.10.89 frå Jarle Aase
2. Melding om motteke krav om jordskiftesak sendt dei andre partane den 16.10.89
3. Kopi av skyldskifte, dat. 7.juni 1935 for bnr.22
4. " " " " 19.oktober 1940 for bnr.31
5. " " " " 6.august 1949 for bnr.42
6. " " " " 18.april 1959 for bnr.61
7. " " " " 3.juni 1961 for bnr.66
8. Brev, dat. 20.10.89 frå Terje Tofting til jordskifteretten
9. Kopi av brev, dat. 27.10.89 frå retten til Terje Tofting
10. Brev, dat. 1/11 1989 frå Helge Skauge til jordskifteretten
11. Kopi av brev, dat. 6.11.89 frå retten til Helge Skauge
12. Brev, dat. 15.11.89 frå Terje Tofting til jordskifteretten
13. Kopi av brev, dat. 21. november 1989 frå retten til Terje Tofting
14. Div. kartkopiar
15. Innkalling til rettsmøtet i dag, dat. 28.januar 1992, vedhefta kvittering for rek. brev til partane
16. Fullmakt, dat. 10/3 - 92 frå Johanna Aagesen til Odd Taule.



Dei framlagde dokument vart opplesne så langt partane fann det turvande.

Rettsformannen sa no frå om at dette berre var eit saksførebuand rettsmøte, og at det ikkje skulle takast noko avgjerd no. Han oppmoda difor partane om å gje ei kortfatta framstilling av saka.

#### Jarle Aase

forklarte no kvifor han hadde kravd denne saka:

Han la fram kartkopiar der han hadde teikna inn forslag til vegutviding. Han sa det var størst problem i svingen og innkøyringa frå den kommunale vegen. Det kunne verta aktuelt å flytta muren på eigedomen til Johanna Aagesen. Han tilbød Einar Fosse gratis grunn slik at han kunne få breiare veg ned til huset sitt, mot at han sette opp ein mur for å halda på vegen. Vegen meinte han måtte vera 3.5 m brei, no var den 2 - 3 m.

Han krov også deling av vedlikehaldskostnadene på vegen, alle som brukte vegen måtte vera med på kostnaden. Han sa han hadde utvida vegen inn på seg. Det var berre aktuelt å taka inn eigne bilar til reparasjon i garasjen, det måtte vera så brei veg at det gjekk an å køyra med lastebil. Han sa at det hadde skjedd skade både på bil og utstyr av di vegen var for smal. Han var og interessert i at eigarane møttes og inngjekk friviljug ordning, og han ba om at dei andre måtte møte dersom han kalte saman eit møte seinare.

#### Gunnar Lilleskare

sa at han berre hadde bruk for vegen som gangveg fram til hytta si. Dersom han skulle bruka vegen som bilveg, var han viljug å taka større del av kostnaden med den.

#### Einar Fosse

sa at han nettopp hadde flytta inn på bnr.22, og at vegen til hans hus var veldig dårleg. Det var ikkje mogeleg å få grusen til å liggja i svingen ved Jarle Aase. Vinterstid, måtte han setja att bilen lenger opp i vegen, då var den ikkje køyrande ned til huset.

#### Odd Taule

møtte for Johanna Aagesen og sa at Aase hadde laga ståhei om den muren som var tidlegare og som var ramla ned. No var det sett opp ny mur her, og det kom ikkje på tale å flytta denne. Dersom vegen skulle utvidast, ville oppkøyringa til huset til Johanna Aagesen verta brattare og vanskelegare. Det kunne i alle høve ikkje vera ho som skulle kosta utvidinga, det måtte Aase kosta. Ved innpåkøyringa til den komm. veg, måtte det verta kommunen som skulle kosta det.

#### Helge Skauge

stilte spørsmål: Kvifor er kravet om vegsak stilt? Kvifor skal vegen utvidast? Skal det anleggjast verksemd her? Han ville og ha klårlagt kva formelt grunnlag jordskifteretten hadde for å halda sak her. Han sa at naboane var uroa over den verksemda som gjekk føre seg i garasjen til Jarle Aase. Han sa at slik det no var kunne han køyra bilen sin inn på tomta si der vegen tok av frå den komm. vegen, dersom her vart utviding, ville denne innpåkøyringa verta brattare. Han meinte han ikkje skulle vera med på kostnad på veg som ikkje han hadde bruk for.

Det var også uklårt om grensene i nærleiken av vegen. Han kunne tenkja seg å vera med på ei frivilleg ordning når det galdt eventuelle utvidingar og ville møte dei andre for å få i stand ei ordning. Det måtte då vera med fleire enn i dag, m.a. eigaren av bnr.1.

#### Terje Tofting

sa at det hadde vore diskusjon om denne vegen sidan han flytte hit. Prinsipielt var han av den meining at alle måtte ha skikkeleg veg fram til husa sine, og han var viljug til å strekkja seg langt for å få til dette, og han hadde allereide avgjeve fri grunn til vegen. Han meinte at Jarle Aase hadde stengt vegen for andre med den utbygginga han hadde gjort i svingen.

Sjølv hadde han tilbydd veggrunn for at Fosse skulle få brukbar veg. Han hadde ikkje hatt problem ved innkjøringa frå den komm.veg, og han hadde kjørt lang lasterbil ut frå vegen og sørover utan problem. Det måtte i verste fall ryggjast ein gong.

Han var og skeptisk til det Aase hadde føre seg i garasjen, og at det var grunnen til krav om breiare veg. Det var ikkje berre Jarle Aase som hadde fylt grus på vegen, nyleg fekk Johanna køyrt eit stort gruslass på vegen.

#### Rettsformannen

opplyste no at han ikkje kunne sjå at her var rettsleg grunnlag for å fremja denne saka, korkje etter § 2e eller §4.4 i jordskiftelova. § 2e, sams tiltak, føreset at 2 landbrukseigedomar har nytte av saka, og det er ikkje høve her. § 4.4, oppattaking, kan brukast der det tidlegare har vore utlagd vegar under eit jordkifte og det har ikkje vore gjort her, den vegen det her er snakk om, er ikkje med i tidlegare jordskiftesak.

Jarle Aase trakk då kravet om vegsak attende.

Saka slutta  
Retten heva

Soltveit i Lindås, den 10.mars 1992

Arnold Skarseth (s)

Rett utskrift:

